



Foto: Hans Ordin Østebø

Kyrkjeverge Arne Lindekleiv varslar at nokre planlagde vedlikehaldsprosjekt vil bli utsette på ubestemt tid grunna budsjettsituasjonen. Det gjeld mellom anna utvendig og innvendig måling og oppussing av kyrkja i Uskedalen, som fyller 100 år i 2014. Formannskapet skal drøfte budsjettet torsdag.

- Det må ikkje skje at kyrkja står umåla ved 100-årsmarkeringa. Hvis kommunen ikkje har pengar, får vi i Uskedalen organisera ei innsamling, Eg kjenner ikkje den aktuelle kostnaden, men eg er viss på at uskedalingane sjølve vil sørge for den naudsynte finansiering, seier Gunnar Kjærland i ein kommentar til uskedalen.no

2013-budsjettet for dei 12 kyrkjene vert truleg 400 000 lågare enn i år. Kvinnherad kyrkjelege fellesråd har fått 2012-budsjettet kutta frå 9,6 til 9,3 millionar og nesteår kan det verta redusert til 9,2 millionar. Auken i tilskotsramma på 500 000 som fellesrådet fekk i fjor er dermed borte og ein har ikkje økonomi til større vedlikehaldsprosjekt som er naudsynte og planlagde, skriv Lindekleiv.

Av Ola Matti Mathisen